

Språk

Samisk er språka til samane. Det er ni ulike samiske språk.

Samiske språk blir snakka i Noreg, Sverige, Finland og Russland.

I Noreg har vi tre samiske språk som er offisielle.

Det er nordsamisk, lulesamisk og sørsamisk.

Nordsamisk er det mest brukte samiske språket i Noreg.

I Noreg har alle samiske elevar rett til å lære samisk på skulen.



Spørsmål til teksten:

1. Kva er samisk?

2. Kvar blir det snakka samiske språk?

3. Kva tre samiske språk blir rekna som offisielle i Noreg?

4. Kva samisk språk er mest brukt i Noreg?
